



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Ulstein rådhus
Dato: 20.06.2019
Tid: Kl. 18:00

Medlemmar som møtte	Reprenterter	Funksjon
Marianne Breivik	Ap	medlem
Ottar Kaldhol	Ap	medlem
Renathe Rossi-Kaldhol	Ap	medlem
Alf Johan Antonsen	Frp	medlem
Einar Rolf Nevstad	Frp	medlem
Jon Åge Eidem	Frp	medlem
Knut Erik Engh	Frp	ordførar
Mariette Gjerde	Frp	medlem
Svein Børre Dimmen	Frp	medlem
Egil Ulfstein	H	medlem
Heidi Strand	H	medlem
Kari Hildre Warholm	H	medlem
Knut Kleiven	H	medlem
Tor Meinseth	H	medlem
Odd Arne Vikebakk	KrF	medlem
Steinar Torvik	KrF	varaordførar
Trond Berg	KrF	medlem
Oddvar Gjerde	Sp	medlem
Morten Feiring	SV	medlem
Eldar Knotten	V	medlem

Forfall	Reprenterter	Varamedlem	Reprenterter
Hanne Notøy	Ap	Jostein Vartdal	Ap
Magne Grimstad	Ap	Ivar Kåre Mork	Ap
Lisa Mari Breivik Anderson	Sp	Arild Torvund Olsen	Sp
Hannelore Måseide	V	Ellen Kvalsund	V
Pål Grødahl	V	Berit Lyngstad	V

Vara i enkeltsak: Martin Løset

Vara i del av møtet: Nils Einar Garnes

Frå administrasjonen

Verner Larsen
Gry Nordal
Marit Botnen
Ingunn Hestnes
Run Urke
Svein Arne Orvik

Underskrifter:

Knut Erik Engh
ordfører

Svein Arne Orvik
møtesekretær

Eldar Knotten

Renathe Rossi-Kaldhol

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
	Open talarstol og spørjetime	
53/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/10591
54/19	Godkjenning av protokoll	19/10591
55/19	Orienteringar	19/10591
56/19	Referatsaker	19/10591
1	Kommunal overtaking av fiskerihamna i Ulsteinvik	19/10503
2	Melding om byggekostnad	19/10325
3	Referat frå Årsmøte Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre	19/10501
4	Tilsyn - Ulstein kommune brann og feiarvesenet	19/10376
5	Verbalforslag økonomiplan 2019 - 2022, tilbakemelding til kommunestyret	19/10169
6	Sjukefråvær og arbeidsnærvær - Orientering	19/10418
7	Rapport etter befaring av Ulstein kyrkje februar 2019	19/10588
8	VS: Kommuneansvar for Sauneselva og dets innvånere.	19/10148
9	To notat om sal av kommunal eigedom, verbalpunkt 4 i økonomiplanvedtak 2019 - 2022	19/10169
57/19	Delegerte saker	19/10591
58/19	Finansrapport 1.tertial 19	19/10398
59/19	Tertialrapport 1. tertial 2019	19/10164
60/19	Politisk møteplan for 2. halvår 2019	19/10500
61/19	Rullering av politiske reglement	19/10223
62/19	Bygge ny 4-mannsbustad Ringen	19/10324
63/19	Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena	19/10213
64/19	Oppgradere Kyrkjegata 27 med investeringsmidlar	19/10322
65/19	Ulstein fjernvarme AS - tilføring av kapital	19/10456
66/19	Parallelløppdrag Sentrum - Ulshaugen - Halsekerdalen -Løyving midlar	19/10243
67/19	Forprosjekt innovasjonslab i Ulstein kommune	19/10436
68/19	Ulshav AS - samanslutning med Furene AS	19/10241
69/19	Interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt på Sunnmøre	19/10155
70/19	Interkommunalt samarbeid om psykologteneste	19/10090
71/19	Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)	19/10164

72/19	Nattlegevakt/legevaktsentral		19/10158
73/19	Prosjektet felles helseplattform		19/10149
74/19	Val av styre for UEKF 2019/2020		19/10453
75/19	Søknad om skjenkeløyve - Naboen Restaurant Hareid as	Unnateke offentlegheita	19/10129
76/19	Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forøpling		19/10587

Stad, <velg dato>

Knut Erik Engh
ordfører

53/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med tillegg av desse ettersende sakene:

RS 8: Kommuneansvar for Sauneselva og det sinnvånere

RS 9: To notat om sal av kommunal eigedom, verbalpunkt 4 i økonomiplanvedtak 2019-2022

PS 76/19: Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling

OPENTALARSTOL

Innlegg frå Inger Johane Saunes:

Kjære ordførar, kommunestyre og administrasjon. Mi hjartesak er å stoppe vindkraftindustri i norsk natur. Treng vi den? Nei.

LNF område i mange kommuner er no trua, over heile Noreg. Friluftslovens formål er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmenheitens rett til ferdsel, opphold m.m i naturen, så vi kan utøve friluftsliv som er helsefremmande, trivselsskapande og miljøvenleg. Øya vår er ikkje stor. Me treng den plassen me har. Å ferdes i fjella er rein terapi. Det er ingen tvil om at fleire enn meg opplever det slik. For oss ville ei vindturbinutbygging vere ein forringelse av vår helse. Eg måtte ha funne meg andre stader å ferdast i.

Kommunen skal sikre dei allmenne interessene, ei særleg oppgåve som må taes på alvor. Ikkje grunneigarars og turbinutbyggerars økonomiske interesser.

Dette er den største naturraseringa vi ser i vår tid i Norge. Kvar turbin har ein oppstillingsplass på størrelse med ei halv fotballbane. Der er knuseverk, kabelgrøfter, massetak, trafostasjonar vegar m.m. Inngrepa er irreversible, det vil gå mange 10tusen år før naturen kan reparere seg. I Europa kan ein rydde opp, grave vekk, skufle jord over. Planareala totalt i Noreg er tusenvis km², påvirkningsområda/influensområdet er ti-tusenvis km².

FNs naturpanel kom i Mai med sin første rapport som gjer rede for naturens tilstand og konsekvenser for menneskers livsgrunnlag. Over 2000 arter er utrydningstruet i Norge, og også her er hovedgrunnen endret arealbruk. Korleis kan ein no forsvare utbygging i Norsk Natur?

Sidan regjeringsskiftet i 2013 har antallet plan- og bygningssaker som går i favør av naturmangfoldet sunket fra 56 til 20 prosent.

Om folk likar å sjå på vindturbinar eller ei, om ein likar å ha nettverk av anleggsvegar i naturen eller ikkje – så veit vi i alle fall med sikkerheit at eit overveldande fleirtal av våre medskapningar ikkje likar det.

Myrene og våtmarksområda våre fungerer dessutan som karbonlager, held på vatn, reinsar vatn. Dette er bra mot klimaendringar.

Vi produserer allereie store mengder fornybar energi i Noreg. Både frå hundrevis av vasskraftverk, men også frå 36 vindkraftverk som allereie er bygd ut. Innen 2021 vil det bli bygd over 30 nye vindkraftverk, og overskuddet på kraft auka derfor ytterligare. Spørsmålet er kor grensa skal gå i Norge. Kan vi bruke hauda våre litt?

I Noreg har vi eit enormt, unytta potensial for å bruka energien me allereie har smartare og meir effektivt.

-Gjennom energieffektivisering kan me ifølgje ENOVA utløysa energi tilsvarande 40 nye Alta-kraftverk utan at me treng å setta ein spade i jorda, og utan at det går ut over folk sin komfort.

-Ifølgje NVE kan termisk energi som jord- og bergvarme dekkja alt oppvarming- og nedkjølingsbehov i Noreg.

-Og viss me i tillegg moderniserer gamle vasskraftverk og bygger solceller- og solfangarar på hustak, vil me overoppfylla behovet for fornybar energi til å fullelektrifisera Noreg. I tillegg vil vi ha moglegheit til å halda fram med krafteksport som i dag. Skulle me ynska endå meir, kan vi velja å satsa på å verta verdsleiande på flytande havvind.

ENOVA har lenge dokumentert at vindkraft er det dyraste og dårligste av alle tiltak klimatiltak innen energiområdet. Eigentlig er det ein energipolitisk skandale. Det produseres kraft kun ca 115 daga av året (tall frå NVE). Det er sekundær og upålitelig kraftproduksjon, fordi vi aldri veit når det blåser og produseres kraft. Uten vind/for mye vind produseres ingen kraft. Den kan ikke lagres, det er ferskvare. Vindkraft e i seg sjølv fornybar energi, men gir ingen dokumentert klimaeffekt. Da må i so fall tilsvarande kullkraft taes ut av produksjon i Europa og erstattast av vindkraft. Det er lett å forstå at det Norge kan bidra med er «ein dråpe i havet» overfor Europa. Det er heilt utopi å tru at vindkraftanlegg her i Norge, vil føre til nedleggelse av kolkraftverk i Europa og reduserte CO2 utslepp.

Straumen vår vert dyrare. Grøne sertifikat, som subsidierer etableringa av kraftverka i Norge, går til utbyggaren (90 prosent utlandske). Utbygginga av ledningsnett og tilknytning, er det du og eg som straumkunde som sjølv må betale over nettleia. Fosen utbygginga aleine står for 5,5 milliardar kroner rett på nettleia. Investorane i vindkraft forventer høg pris og profitt, det betyr sugerør i norske bedrifter, og i kommunene sine driftskonti, og i lønnskontoen til deg og meg, i overskuelig framtid. Dårlig nytt for konkurransekrafta vår, når produksjonskostnadane aukar. Hushaldninga får mindre kjøpekraft, som gir mindre penga til vare og tenesta, som blir dyrare. Sviktande inntjening og tap av arbeidsplasser er resultatet.

Der er mykje eg ynskjer å seie om reiseliv, bulyst, helsepåverkingar frå lyd og infralyd for dei som bur i influensområda. Korleis det sosiale mellommenneskelege endrer seg innbyrdes i ei kommune. Men eg rekk det ikkje. Kommunens omdømme er den viktigste egedomen den har. Vi kan ønske tilflytting heller enn fraflytting. Då må ein gjere det rette valet.

Ulstein kommune: Krev å bli fjerna frå rammeplanen for vindkraftutbygging. Samarbeid med dei andre kommunane på Sunnmøre og i Nordfjord om dette. Tru ikkje at OED ga NVE mandat til analyse av område i Norge utan å meine det. Dette er eit forslag som fort kan bli ein realisert plan. Då får vi aldri fred. Dette er vår kommune, det er våre verdier, vi vil ikkje ha det.

Stopp utbygginga av vindkraft i norsk natur. Treng vi den? Nei.

SPØRJETIME

Spørsmål frå Steinar Torvik, KrF:

1. Vassforsyning og drikkevatt i vår kommune

Som vestlending er det nok lett å tenke at rikeleg tilgong på reint vatn er sjølvsgatt, og eg har gleda av å kvar dag kunne drikke godt Garnesvatn. Det er faktisk fleire tilreisande som har kommentert til meg at vi har svært godt drikkevatt i Ulstein. Basert på at ei kommune no er hardt ramma av forureining i drikkevattnet, så vil eg be ordførar om at kommunestyret og innbyggjarane i Ulstein kan få ei kort orientering og stadfesting på at vi kan rekne med at vassforsyning i Ulstein har nødvendige system og overvåking som sikrar reint og trygt drikkevatt.

2. Høyringsfrist vedr. nasjonal plan for landbasert vindkraft

NVE sitt utkast til planar for framtidig utbygging av landbasert vindkraft i vår region har skap stort engasjement frå mange hald, og i vår kommune er mange svært bekymra for at ei slik utbygging vil kreve alt for store inngrep i våre natur og friluftsområde. Som kjent så har kommunene frist til 1. oktober på å gi uttalar og tilbakemelding på NVE sitt utkast til nasjonal plan for landbasert vindkraft, og eg har fått ei klar forståing av at det vil kome sak til politisk handsaming i Kommunestyret i september. Basert på oppslag i lokalavisa 7. juni om denne saka, så har eg blitt kontakta med spørsmål om det ikkje er heilt sikkert at Ulstein rekk politisk handsaming med uttale og tilbakemelding på NVE sitt utkast innan fristen. Svært mange i Ulstein er oppteken av at denne høyringa kjem til politisk handsaming, så mitt enkle spørsmål er om ordførar kan berolege innbyggjarane med at denne saka kjem til Kommunestyret i september og at vedtak og svar blir sendt innan fristen 1.okt.

Svar frå ordføraren:

1. Ordføraren presenterte for ansvaret til Ulstein kommune som vassverkseigar, reinseanlegg, vassprøver, tilbakemeldingar frå Mattilsynet med meir. Presentasjonen til ordføraren er arkivert med JPId 19/11295 i kommunens sak- og arkivsystem.

2. Landbasert vindkraft er ei sak administrasjonen vil presentere i september slik at ein rekk høyringsfristen. I tillegg er det registrert ei sak på Misak.no, som også vil kome opp i same møtet, og ein vil gjerne sjå desse i samanheng. Kommunalsjef Arne Runar Vik vil utdjupe om det etterpå, i svar til spørsmålet frå Venstre.

Spørsmål frå Berit Lyngstad, Venstre:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) la fram sin rapport den 1. april i år, med framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land i Noreg. Rapporten var utarbeida på oppdrag frå Olje- og energidepartementet (OED).

Ulstein kommune er ein del av kun 13 område i Noreg som har vorte trekt fram som egna for utbygging av vindkraft på land. Utbygging av sær store vindturbinar har

store miljøkonsekvensar. Kommunene har ikkje vetorett imot utbygging.

Ulstein kommune må ha best mogleg oversikt over naturverdiane i kommunen om ein skal sjå klart kva reduserte verdiar ei utbygging av vindturbinar kan gje. Om kommunen seinare skulle ønskje å gå imot ei utbygging av vindturbinar har ein då også gode argumenter imot dette.

1. Ulstein Venstre spør om kommunen har starte ei kartlegging av naturverdiane i Ulstein kommune i jamfør St.meld 18 og Miljødirektoratet sin veileidar?
2. Kor langt har man komen i prosessen og når er vi klare med ei full framlegging av disse verdiane?
3. Kan dei sendast inn saman med eit eventuelt avslag på utbygging av vindturbinar frå kommunen i høyringsprosessen?

Svar frå kommunalsjef Arne Runar Vik:

Når det gjeld høyringsuttalen om vindkraftsaka, er det gitt forlenga høyringsfrist på den til 1. oktober, og vi legg opp til at det blir full politisk saksbehandling på den gjennom alle organ og utval og til kommunestyret, i runden som startar i slutten av august, med kommunestyremøte i september, i god tid før høyringsfristen. Vi har begynt så vidt å jobbe med saka, og det er også basert på eit saksframlegg som interkommunal samfunnsplanleggar har laga, han har presentert ei sak som kan leggest til grunn i dei tre kommunane som samarbeider der, Vanylven, Herøy og Ulstein. Dette er ei sak som kjem til behandling etter sommarferien.

Til spørsmålet frå Venstre: Vi laga til ein rapport om kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Ulstein kommune, som del av utarbeidinga av arealdelen til kommuneplanen, og er er også kartfesta, vurdert og kategorisert områda våre. Dette ligg på nettet, ein kan gå inn og studere. Eg kan legge til at i 2008 vart det gjort ei omfattande kartlegging av naturtypar i Ulstein kommune, då med hovudvekt på biologisk mangfald, rapporten ligg tilgjengeleg på nett hos Fylkesmannen. Begge desse rapportane vil vere med som eit grunnlag i den saksbehandlinga vi skal ha knytt til vindkraftshøyringa etter ferien.

OM FRAMMØTE:

Martin Løset møtte som vara for Renathe Rossi-Kaldhol i sak PS 68/19.

Nils Einar Garnes møtte som vara for Alf Johan Antonsen kl. 18-19.20. Alf Johan Antonsen tok sete før voteringa i sak PS 58/19.

Ellen Kvalsund tok sete kl. 19.20, før handsaminga av sak PS 58/19.

Vedtak:

Protokollen frå møtet 23.5.2019 vart godkjend utan merknad.
Eldar Knotten og Renathe Rossi-Kaldhol vart valde til å skrive under dagens protokoll.

55/19 Orienteringar**Vedtak:**

Orienteringa vart teken til vitende.

Behandling:

Ungdata-undersøkinga 2019: Renate Pedersen frå Ulstein kommune og Amanda Låbakk frå Ulstein ungdomsråd presenterte funna i den siste Ungdata-undersøkinga.

56/19 Referatsaker**Vedtak:**

Referatsakene vert tekne til vitende.

1 Kommunal overtaking av fiskerihamna i Ulsteinvik

2 Melding om byggekostnad

3 Referat frå Årsmøte Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre

4 Tilsyn - Ulstein kommune brann og feiarvesenet

5 Verbalforslag økonomiplan 2019 - 2022, tilbakemelding til kommunestyret

6 Sjukefråvær og arbeidsnærvær - Orientering

7 Rapport etter befaring av Ulstein kyrkje februar 2019

8 VS: Kommuneansvar for Sauneselva og dets innvånere.

9 To notat om sal av kommunal eigedom, verbalpunkt 4 i økonomiplanvedtak 2019 - 2022

57/19 Delegerte saker

Vedtak:

Ingen delegeringssaker

58/19 Finansrapport 1.tertial 19

Vedtak:

Finansrapport for 1. tertial 2019 vert teken til vitande.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Rådmannen si tilråding:

Finansrapport for 1.tertial 2019 vert teken til vitande.

59/19 Tertialrapport 1. tertial 2019

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapport for 1. tertial 2019.

2. Budsjettmidlar overførast frå ansvar 1528 Servicetorget til ansvar 1011 etter tabellen under:

	Ansvar	
	1528	1011
Løn/pensjon/arb.g.avg.	-351 000	351 000
Informasjon	-150 000	150 000
Inng.mva	-37 500	37 500
Ref. mva	37 500	-37 500

3. Leirskulemidlane på 500.000 som ligg på ansvar 2093 Administrasjon oppvekst fordelast på skulane etter tabellen under:

Skule	Beløp
Haddal	kr 32 110
Hasund	kr 128 441
Ulstein	kr 36 697
Ulsteinvik	kr 302 752

4. Bundne fond på konto 25599002 veg Eika på kr. 52.772,85 nyttast til å auke vegvedlikehaldsbudsjettet.

5. Kr. 130.000 + mva av investeringsbudsjettet for oppgradering av leikeområde skular, omdisponerast til å investere i ein oppgradering av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage.

6. Midlar frå SSIKTs investeringsbudsjett 2019, ca. kr. 2 206 250, nyttast til ekstraordinært nedbetaling av lån.

Behandling:

Alternativt framlegg til punkt 6, foreslått av Eldar Knotten, Venstre
Midlar frå SSIKTs investeringsbudsjett 2019, ca. kr. 2 206 250, nyttast til
ekstraordinært nedbetaling av lån.

Det vart røysta over tilrådinga frå formannskapet i to delar.

Punkta 1-5 vart vedtekne med 25 mot 0 røyster.
Punkt 6 vart sett opp mot framlegget frå Eldar Knotten. Framlegget frå Knotten vart
vedteke med 20 mot 5 røyster.

Rådmannen si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapport for 1.tertial 2019.
2. Budsjettmidlar overførast frå ansvar 1528 Servicetorget til ansvar 1011 etter tabellen under:

	Ansvar	
	1528	1011
Løn/pensjon/arb.g.avg.	-351 000	351 000
Informasjon	-150 000	150 000
Inng.mva	-37 500	37 500
Ref. mva	37 500	-37 500

3. Leirskulemidlane på 500.000 som ligg på ansvar 2093 Administrasjon oppvekst fordelast på skulane etter tabellen under:

Skule	Beløp
Haddal	kr 32 110
Hasund	kr 128 441
Ulstein	kr 36 697
Ulsteinvik	kr 302 752

4. Bundne fond på konto 25599002 veg Eika på kr. 52.772,85 nyttast til å auke vegvedlikehaldsbudsjettet.
5. Kr. 130.000 + mva av investeringsbudsjettet for oppgradering av leikeområde skular, omdisponerast til å investere i ein oppgradering av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage.
6. Kr. 400.000 av «SSIKT – investeringsbudsjett 2019» omdisponerast til å investere i gangbru over Sauneselva. Resterande beløp (kr. 1.806.250) nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lån.

60/19 Politisk møteplan for 2. halvår 2019

Vedtak:

Framlegget til møteplan vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling:

Framlegget frå rådmannen vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

61/19 Rullering av politiske reglement

Vedtak:

1. Framlegget frå arbeidsgruppa med medlemmer frå partia i kommunestyret, vert vedteke slik det ligg føre.
2. Reglementet gjeld frå og med det konstituerande møtet etter kommunestyrevalet 2019.

Behandling:

Tillegg til punkt 1, foreslått av Morten Feiring, Sosialistisk Venstreparti [...] vert vedteke slik det ligg føre, men med unnatak for ei endring: Ordførar si løn vert sett til 90 % av stortingsrepresentant si løn.

Punkt 1 i tilrådinga vert sett opp mot framlegget til Feiring. Tilrådinga vart vedteken med 24 mot 1 røyst.

Punkt 2 i tilrådinga vart vedteke md 25 mot 0 røyster.

Rådmannen si tilråding:

1. Framlegget frå arbeidsgruppa med medlemmer frå partia i kommunestyret, vert vedteke slik det ligg føre
2. Reglementet gjeld frå og med det konstituerande møtet etter kommunestyrevalet 2019.

62/19 Bygge ny 4-mannsbustad Ringen

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å bygge 4-mannsbustad på kommunal tomt i Ringen. Total investeringsramme: 7,5 mill. kroner.

Investeringa blir å finansiere med utbetaling frå forsikring, tilskot frå Husbanken, og investeringsfond i UEKF.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

63/19 Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena

Vedtak:

Kommunestyret vedtek byggekostnaden på Ulstein Arena til kr. 315.978.125. Når midlane frå sal parkeringsplassar og utbetaling av tippemidlar er på plass, skal midlane snarast nyttast til nedbetaling av lån.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

64/19 Oppgradere Kyrkjegata 27 med investeringsmidlar

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å investere i oppgradering av bustaden Kyrkjegata 27. Investeringskostnaden er sett til 1.300.000 kroner. Tiltaket blir å finansiere med egne fond.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

65/19 Ulstein fjernvarme AS - tilføring av kapital

Vedtak:

Ulstein kommune løyver 8 mill. kr til tilføring av eigenkapital i Ulstein fjernvarme AS. Løyvinga vart dekt frå kapitalfondet.

Midlane vart tilført selskapet med fire mill. kr innan 2. desember 2019 og fire mill. kr innan 31. januar 2020.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vert vedteken med 25 mot 0 røyster.

66/19 Parallelløppdrag Sentrum - Ulshaugen - Holskerdalen - Løyving midlar**Vedtak:**

Ulstein kommunestyre godkjenner at det vert starta opp eit arbeid for å klargjere strategiar og få fram idéar og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, Ulshaug-området og del av Holskerdalen i form av eit parallelløppdrag som skissert i saksframlegget. Arealmessig avgrensing skal vere om lag som vist i kartskisse vedlagt saka datert 23.05.2019.

Samla økonomisk ramme for parallelløppdraget vert 2 mill. kr der minst 50 % er føresett å kome frå eksterne midlar. Kommunal andel for 2020 vert innarbeidd som tiltak i økonomiplan/budsjett for 2020.

Nytt punkt under problemstilling: Korleis kople saman fortid, notid og framtid på aksen Ulstein kyrkje-Vikemyra/Bjørndals minne

I parallelløppdraget bør vurdering av funksjonane på Alvehaugen innlemmast, og at ein også bør leggje opp til at det skal vere høve til eigarseksjonar i omsorgsbustadane.

Behandling:

Nytt punkt under problemstilling, foreslått av Odd Arne Vikebakk, Kristeleg Folkeparti

Nytt punkt under problemstilling: Korleis kople saman fortid, notid og framtid på aksen Ulstein kyrkje-Vikemyra/Bjørndals minne

Utsettingsframlegg, foreslått av Morten Feiring, Sosialistisk Venstreparti

Saka vert utsett. Dette er grunna i Ulstein kommune sin økonomi. Det nye kommunestyret etter valet i haust bør få høve til å vurdere om interne ressursar kan nyttast til klargjering av strategiar og få fram idear og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, i samband med ny områdeplan.

Tillegg til tilrådinga, foreslått av Kari Hildre Warholm, Høgre

I parallelløppdraget bør vurdering av funksjonane på Alvehaugen innlemmast, og at ein også bør leggje opp til at det skal vere høve til eigarseksjonar i omsorgsbustadane.

Utsettingsframlegget frå Feiring fekk 2 røyster og fall.

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

Framlegga frå Vikebakk og Warholm vart vedtekne med 25 mot 0 røyster.

Rådmannen si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner at det vert starta opp eit arbeid for å klargjere

strategiar og få fram idéar og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, Ulshaug-området og del av Holskerdalen i form av eit parallelloppdrag som skissert i saksframlegget. Arealmessig avgrensing skal vere om lag som vist i kartskisse vedlagt saka datert 23.05.2019.

Samla økonomisk ramme for parallelloppdraget vert 2 mill. kr der minst 50 % er føresett å kome frå eksterne midlar. Kommunal andel for 2020 vert innarbeidd som tiltak i økonomiplan/budsjett for 2020.

67/19 Forprosjekt innovasjonslab i Ulstein kommune

Vedtak:

Ulstein kommune støtter arbeidet med etablering av Skaparhus og ein arena for læringslivet slik det er vist i forprosjektet Innovasjonslab i Ulsteinvik.

For å få prosjektet i gong er Ulstein kommune innstilt på å garantere for husleigekostander i to år i prosjektet. Føresetnaden er at prosjektplan og budsjett er klar, eller at rammene for kommune sitt bidrag er avklart til medio september.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

68/19 Ulshav AS - samanslutning med Furene AS

Vedtak:

Saka vert utsett. Kommunestyret ber om at fleire alternativ vert utgreia. I denne utgreiinga skal tilsette ved Ulshav og brukarar høyrast.

Behandling:

Utsettingsframlegg, foreslått av Ottar Kaldhol, Arbeidarpartiet

Saka vert utsett. Kommunestyret ber om at fleire alternativ vert utgreia. I denne utgreiinga skal tilsette ved Ulshav og brukarar høyrast.

Eit dokument i saka var ettersendt til kommunestyret: *Uttale frå tilsette i Ulshav AS om fusjonsprosess m.m.*

Alf Johan Antonsen bad kommunestyret vurdere gildskapen hans i saka fordi han er varamedlem i styret til Ulshav og har behandla saka i styremøte. Kommunestyret fann at han er ugild, og han tok ikkje del i handsaminga av saka. Nils Einar Garnes tok sete som vara i saka.

Renathe Rossi-Kaldhol bad kommunestyret vurdere gildskapen hennar i saka fordi ho er styremedlem i Furene. Kommunestyret fann at ho er ugild, og ho tok ikkje del i handsaminga av saka. Martin Løset tok sete som vara i saka.

Heimelen for at kommunestyret fann Antonsen og Rossi-Kaldhol ugilde, er forvaltningslova § 6 e, der det heiter at «En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak [...] når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for 1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller 2. et selskap som er part i saken.»

Røysting:

Utsettingsframlegget vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

Tilråding frå formannskapet:

Ulstein kommune godkjenner utkastet til fusjonsavtale med Furene AS slik den ligg føre i vedlegg 1.

69/19 Interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt på Sunnmøre

Vedtak:

Ulstein kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram ei eiga sak for godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jf. kommunelova § 28.

For 2019 kan kostnader knytt til barnevernsvakt dekkast av prosjektmidlar. For 2020 og vidare må tiltaket inn i økonomiplanen. Modell for kostnadsfordeling kjem i vertskommuneavtalen. Alternativ med ulik kostnadsfordeling er vist i saksutgreiinga og ligg rundt 350 000.

Kommunestyret ber om at administrasjonen rapporterer tilbake om erfaringane i samband med årsrapporteringa for 2020.

Kommunestyret ber rådmannen gå i forhandlingar med Ålesund kommune om fordelingsnøkkel for interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre.

Behandling:

Tillegg til tilrådinga, foreslått av Knut Erik Engh, Framstegspartiet

Kommunestyret ber rådmannen gå i forhandlingar med Ålesund kommune om fordelingsnøkkel for interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Tilleggsframlegget frå ordføraren vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

Tilråding frå formannskapet:

Ulstein kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på

Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram ei eiga sak for godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jf. kommunelova § 28.

For 2019 kan kostnader knytt til barnevernsvakt dekkast av prosjektmidlar. For 2020 og vidare må tiltaket inn i økonomiplanen. Modell for kostnadsfordeling kjem i vertskommuneavtalen. Alternativ med ulik kostnadsfordeling er vist i saksutgreiinga og ligg rundt 350 000.

70/19 Interkommunalt samarbeid om psykologteneste

Vedtak:

Ulstein kommune inngår eit vertskommunesamarbeid med Hareid, Sande og Vanylven om psykologteneste lokalisert i Ulstein.

Ordførar får mynde til å signere vertskommuneavtale med dei andre kommunane etter den malen som ligg ved. Ordførar får mynde til å gjere mindre endringar i denne avtalen.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

71/19 Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)

Vedtak:

Ulstein kommune godkjenner at SSIKT kan ta opp kr. 10.775.000 i lån for å finansiere investeringar i 2019.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

72/19 Nattlegevakt/legevaktsentral

Vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek at Ulstein kommune vil halde fram med felles interkommunal legevakt etter flytting av nattlegevakt frå Volda sjukehus til anna teneleg lokalisasjon i området Hovden/Furene.*
2. *Kommunestyret vedtek at det i samband med flytting av nattlegevakta følgjer legevaktssentralen med. Legevaktssentralen blir då ein del av den interkommunale nattlegevakta organisatorisk og det skal ved slik flytting utarbeidast ei revidert avtale med Volda kommune som vertskommune.*
3. *I samband med flyttinga vil det bli ein auke i kostnader knytt til leige av lokale. Om auke i driftskostnaden overstig kr. 300.000,- skal saka handsamast på nytt. Det vil også bli ein investeringskostnad til nytt utstyr med ei kostandsramme på 100 000 kr. Kostnaden må innarbeidast i budsjettet for 2020.*
4. *Pkt. 1-3 forutsett at Ørsta og Volda kommune får på plass ein avtale om felles legevakt for ettermiddag/kveld og helg i tenelege lokale.*

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

73/19 Prosjektet felles helseplattform

Vedtak:

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

74/19 Val av styre for UEKF 2019/2020**Vedtak:**

Ulstein kommunestyre utset val av nytt styre for Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) 2019/2020 inntil prosessen med ei eventuell tilbakeføring av selskapet til kommunen er avklart, og til nytt kommunestyre er konstituert.

Grunna Roy Henning Haddal sitt arbeidsforhold vert han løyst frå vervet som styreleiar i UEKF frå og med dags dato. Valnemnda rår til at Hans Petter Th. Ulstein vert valt som fast representant til styret, og Magne Gurskevik blir valt som personleg vararepresentant for Th. Ulstein. Valnemnda tilrår vidare at Heidi Strand vert valt til styreleiar, og Håvard Stave som nestleiar.

Ulstein kommunestyre vel desse til styret for Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) for gjenverande valperiode i 2019:

Representantar:

Hans Petter Thoresen Ulstein
Håvard Stave
Heidi Strand
Eldar Knotten

Personlege vararepresentantar:

Magne Gurskevik
Charlotte Hauge
Susanne Løseth
Einar Nevstad

Heidi Strand vert valt som leiar, og Håvard Stave som nestleiar. Starttidspunktet for nytt styre er 1. juli 2019.

Behandling:

Heidi Strand bad kommunestyret vurdere gildskapen hennar fordi ho er føreslått som leiar.

Kommunestyret fann at ho er gild. Heimelen for det er kommunelova § 40 nr. 3: "3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler: a. Inhabilitet inntreer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv."


Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

75/19 Søknad om skjenkeløyve - Naboen Restaurant Hareid as

Vedtak:

Naboen Restaurant Hareid as (org.nr. 921523157) sin søknad datert 11. april 2019 om nytt skjenkeløyve vert avslått.



Behandling:

Etter forslag frå ordføraren vedtok kommunestyret samrøystes å lukka møtet i saka. Heimelen for unntak er kommunelova § 31.2 jf. forvaltningslova § 13 1. ledd nr. 1 "noens personlige forhold".

Ordføraren las opp uttale frå politiet.

Røysting:

Tilrådinga frå levekårsutvalet vart vedteken med 25 mot 0 røyster. Første avsnittet i vedtaket skal vere offentleg. Andre avsnittet skal vere unnateke offentleg innsyn.

76/19 Endeleg godkjenning - Ny handlingsdel til klimaplan, og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast, og marin forsøpling (2019-2022), jf Plan- og bygningslovas §11-4 med følgande endringar:

1. I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.
2. Pkt 6 – Forbod mot privat fyrverkeri – i tiltakslista for Tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) vert teke ut.

Behandling:

Framlegg frå Engh (Frp) og Kleiven (H), foreslått av Knut Erik Engh, Framstegspartiet

Ulstein kommunestyre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast, og marin forsøpling (2019-2022), jf Plan- og bygningslovas §11-4 med følgande endringar:

1. I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.

2. Pkt 6 – Forbud mot privat fyrverkeri – i tiltakslista for Tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) vert teke ut.

Strykingsforslag, foreslått av Oddvar Gjerde, Senterpartiet
Punktet om autonom buss vert teke ut av planen.

Punkt 1 om autonom buss i tilrådinga frå formannskapet vart sett opp mot endringsforslaget frå Gjerde. Framlegget frå Gjerde fekk 2 røyster og fall, punktet frå tilrådinga fekk 23 røyster og vart vedteke.

Punkt 2 i framlegget frå Engh og Kleiven vart vedteke med 25 mot 0 røyster. Ingressen i tilrådinga frå formannskapet vart sett opp mot ingressen i forslaget frå Engh og Kleiven. Sistnemnde vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Tilråding frå formannskapet:

Ulstein kommunestyre godkjenner ny handlingsdel til klimaplan (2019-2022), og ny tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling (2019-2022) slik dei ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-4.

I handlingsdelen til klimaplanen skal det setjast inn eit nytt punkt om prøvedrift for autonom buss, t.d. under romartal IV. Transport, underpunkt 2.